# Innskriving

Grinde skule

17.11.2016

# GRINDE SKULE

SKO deg for livet

# PALS

- Fokus på positiv åtferd
- Felles reglar på alle arenaer



# Føresette er viktige for læring

- **BEGREPSOPPLÆRING!!!**
- Vanlige heimeaktivitetar gir mykje god læring.
- Snakk saman - sett ord på handling
- Viktig med engasjerte føresette
- Vere tilstades med barnet (middag, bilkøyring, leggetid)

- Gode lesarar – heimen viktig
- Bøker, lydbøker
- Bibliotek
- Snakk saman – kva trur du skjer?
- Sjå på bileta og snakk om kva ein ser
- Bokstavjakt
- Ordjakt





# Skriving

- Sjå på og les logoar
- Leit etter bokstavane i ord og namn



- Lag lister i lag: Handleliste, hugseliste, ønskeliste
- Beskjedar
- Lær barnet å skriva namnet sitt



# Matematikk i kvardagen.

- Ungar liker å telje
- Øv fram og tilbake til 20
- Tel til 100 og hjelp til når du kjem til 29, 39 osv
- Dekk bordet
- Ta barnet med på matlaging og snakk om kva du gjer.
- Mål kor høgt barnet er og snakk om det. I fjor var du så høg…nå er du ….

Godt språk er ei hjelp i matematikk:

- alle, mange, få… (mengdebegrep)
- fyrst, sist, framfor, bak… (rekkefølgjebegrep)
- lang, kort, stor, større, liten, mindre, høg, låg… (relasjonsbegrep)
- sirkel, kvadrat, rektangel… (formbegrep).

- Øv på klokka
- Spel: kortspel, puslespel, Uno, ludo, stigespel
- Uansett kva for erfaring foreldre har med faget, kan vi gjera mykje for å hjelpe barna med matematikk.
- https://www.youtube.com/watch?v=uqZiIO0YI7Y

# Ipad

- Prøveprosjekt i år, god tru på at vi får det til neste år og



# SFO

- For 1.-4. klasse. Påmelding mars/april
- Opningstider:
  - morgon (7.00)-8.15
  - Ettermiddag 15.30/16.30
  - Open 44 veker i året. Stengt 4 veker om sommaren, romjul og planleggingsdagar.
  - Ferie SFO har i år blitt lagt til Frakkagjerd BS

# Val av målform



## Val av målform for barnet ditt - kva bestemmer kommunen og kva bestemmer du?

*Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skulane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid (Opplæringslova §2-5)*

I Tysvær er Førland, Grinde, Nedstrand, Straumen og Tysværvåg nynorskskular.

Førre, Frakkagjerd barneskole og Frakkagjerd ungdomsskole er bokmålskular.

Du som forelder/foresett kan søkje om at barnet ditt skal få den skriftlege opplæringa si på ei anna målform enn hovudmålet ved skulen barnet går på. Det betyr at du kan søkje om å få nynorsk ved bokmålskular og bokmål ved nynorskskular.

Retten gjeld for 1.–7. trinn.

Til vanleg søkjer ein ved innskrivinga, men retten gjeld ut 7. trinn.

### Slik søkjer du

Du sender individuell søknad for barnet ditt til skulen ved rektor. Rektor gjer enkeltvedtak.

### Korleis organiserer ein klassane?

Når minst ti elevar på same årstrinn ved skulen ønskjer skriftleg opplæring på ei anna målform, har dei rett til å tilhøyra ei eiga elevgruppe.
Ein beheld retten så lenge elevgruppa ikkje blir mindre enn seks elevar.
Det er ikkje krav til elevtal for den gruppa som vel å behalde skulen si målform.

Er det for få elevar til å danne eiga språkgruppe ved ein skule, kan foreldra be om at det blir danna språkgruppe på tvers av skular.

Frå og med 8. trinn vel elevane sjølv skriftleg hovudmålform.

# Skyss

- Alle i 1. klasse med meir enn 2 km til skulen har rett på skyss.
- 2.-7. trinn 4 km
- Farleg skuleveg
- Kan gå inntil 1 km til buss
- Elevar i 2.-7. klasse kan gå inntil 2 km
- Skyss ved delt foreldrerett 40/60

# Når foreldre ikkje bur saman

- Ved felles foreldreansvar har begge rett til same informasjon frå skulen
- Ikkje felles foreldreansvar – den som har ansvar har plikt til å opplysa den andre når han/ho ber om det
- Viktig at skulen får beskjed om eventuelle endringar
- Ikkje rett på eigen samtale med kontaktlærar

# Orientering til skulen

- Det er viktig at skulen får vita om eventuelle syns-, hørsels- eller andre typar vanskar slik at skulen kan gje best mogleg tilbod til barnet.
- ***Kan*** ha noko å seie for ressurstildelinga i klassen

# PPT (pedagogisk psykologisk teneste)

- Ein hjelpar i kvardagen
- Skal gi råd og hjelp til eleven, føresette og lærarane når ein elev har særlege behov
- Foreldre/føresette må vera einige i at læraren tek kontakt med PPT

# Heimesidene

- Skulen har oppdaterte heimesider [www.tysver.kommune.no/grinde](www.tysver.kommune.no/grinde)
- Kommunen har ei meir generell side [http://www.tysver.kommune.no/tema/skule-og-utdanning](http://www.tysver.kommune.no/tema/skule-og-utdanning)
- Skulen har og eigen side på FB – kun info

# Vidare treffpunkt

- Aktivitetskveld på skulen i 23.februar 2017
- Besøksdag i juni, infomøte for føresette

# GRINDE SKULE

SKO deg for livet